

103383

SAMFUNNSLIV 15. mars 1987.

Vår norske historieløyse

«Den andre siden» av Christian Christensen (Cappelen)

v/ Stein Bladheim

Historieløysa hos nordmenn flest er skremmande og slett ikke berre hos dei yngre, slik det ofte blir hevda. Sjølv hos dei lerdaste på min eigen alder får du ofte «Goddag,mann! Økseskraft»-svar når du til dømes seier at etter 10. juni 1940 var det ikke krig meir mellom Noreg og Tyskland av di Noreg kapitulerte vilkårlaust. «Fred», fekk eg nyleg til svar. «Det var då ikke slutta fred mellom dei to.» Kortslutning med andre ord. Eller du finn at folk som opplevde 9. april og felttoget i Noreg blir rasande når du, som sant er, minner dei om at det ikke fall ein einaste mann på Midtskogen, eller at forteljingane om bussjåførane på Sollihøgda som tok med seg to hundre tyskarar i døden, er dikt og propaganda — og at det finst mykje av same slaget om du går kriga i Noreg nærmare etter i saumane.

Spørsmålet kapitulasjon eller ikke — kapitulasjon er implisitt sentralt i boka til CC av di svaret på spørsmålet er avgjerande for om landssvikoppgjeren var lovleg eller ikke. **Sjølv sagt kapitulerte Noreg;** det er også eit kjernepunkt hos dei mange CC har intervjua. Men i rettsoppgjeren etter krigen doserte dommarjuristane dei tu-sen på tusen tiltalte om at «De må ha forstått at Noreg framleis var i krig». Derimot gav dei aldri

oppskrift på korleis ei slik umoglegkap kan gjeraast mogleg.

Den hardaste dommen dei fekk var sjølve landssvikstemplet, at dei var svikrar, menneske utan heider, budd til å forråde landet sitt — som alltså gjorde i augo til folk flest sidan dei blei tiltalt og dømde. Då er ringen slutta.

No har alltså CC skrive ei bok om kva motiv dei hadde for å velje den vegen dei valde, kva slags tankar og vurderingar som låg bak avgjørda deira. Og takk skal CC få for det, om eg elles skulle ha ønskt at boka hadde gått inn på kjernespråkmåla i langt større breidd, med større spreiing i motivmønstra, i miljø og bakgrunn, i kjønn og alder, i klassetilhøring m.m.

Ei anna hovudinnvending er at dei intervjuer er anonyme. Eg skjønar anonymiteten, for eg veit at dei får slengt i fjeset at dei er etisk og moralisk mindreverdige, jødehatarar, fascistar o.l., i tillegg til at dei er landssvikarar. Dommen er sogar arveleg, noe som truleg er grunnen til at mange har forandra namn, eller at borna deira har tatt nytt namn. Som ein av dei på «den andre sida» ser det, «forbindes vi i dag i en temmelig uvitende opinion med jødedepor-tasjon, konsentrationsleirer og angiveri».

Det er blink. Eg var nyleg på eit møte under tittelen «Oppgjør med kriga». I staden for å snakke om

norsk ikkje-nøytralitet før 9. april — som førte til oversallet og okkupasjonen, om krigen i Noreg i 1940, om kapitulasjonen i juni og okkupasjonstida, og om rettsoppgjeren etter krigen, var det mange som heller ville snakke om Afghanistan og Sør-Afrika, om jødefor-følging osb — mens andre helst snakka om seg sjølv og eigen innsats i motstandsrørsla.

Lesarar som trur dei finn svaret i CCs bok på hvilket lyt vente til meir djuptpløyande litteratur ligg føre. Sosiologisk og psykologisk grundigare bøker om både siger-herre- taparsidene lyt til, før vi kan få svar på alle dei relevante spørsmåla som gir eit tilnærma endeleg svar. Det heiter «fortel meg kven du omgåast, so skal eg fortelje deg kven du er». Men ein so firkanta regel gjeld ikke i vårt tilfelle, for krigs- og okkupasjons-tida sette mye djupare spor, ho kløyvdé familiar og vener m.m. på same måten som Dreyfus-saka gjorde det i Frankrike — og i Noreg med, femti år tidlegare. Eksempel: Ein bro blei kjend sosialdemokratisk politikar og statsråd i etterkrigs-Noreg, broren hans fall som frivillig under Hitlers fane. Eg kunne nemne mange liknande eksempler på slik kløyving av familiar og gamle veneskapsband.

Slump? Kanskje. Som til dømes når «gamle» NS-folk hamna i England av di dei var om bord på skip, marinesfartøy, kvalflåten,

eller på annan måte enda opp i England, og ikke kunne unngå å hamne på «rett side».

Eller var det høgre etikk når «Gulosten» hamna på «rett side»? Eg har nyleg lese «Spor i vår nære historie» av Arne Stornes. Der kan vi lese om kong Haakons «venn» «Gulosten», som alltså var på «rett side». Men dersom han var meir moralisk, og sto etisk høgre, enn Henry Rinnan, som ikke var NS, skal eg ete opp den gamle uniforma mi. Poenget er sjølv sagt at vi i halvtreds år berre har hengt ut den eine sida — i tillegg til at vi, oftaft på meir enn sviktande grunnlag, har stempla dei som landssvikarar. Var du derimot på «rett side», gjekk kva som helst. For der bestemte dei som «vann» krigen. Utan omsyn!

Vi treng ikke gå djupare inn i problemstillinga enn til CCs bok DEN ANDRE SIDEN for å undrast på om ikke landssvikstemplet er djupt urettferdig. Det på «den andre sida» var visst like patriotiske, kanskje meir, enn den store hopen på «rett side». Det kostar, som kjent, lite for den store majoriteten å vere på «rett side». Så eg held fast ved, med Johan Scharffenberg, at forsøgslaga av «den andre sida» hadde til hoved-mål å leie åtgåumen bort frå spørsmålet om skuld for norsk ikkje-nøytralitet før 9. april, og for styremaktene sin svikt då krigen kom.